

## Rutiner ved utflytting



Nøklar og vaskekort kan leverast slik:

1. På vårt kontor i Elvegata 24. Vi har ope måndag – fredag 09:00 – 15:00.
2. Til driftsavdelinga v/ utsjekk. Du avtalar utsjekk ved å ta kontakt med oss.
3. I ei av våre postkasser, merka "post til SiVolda". Legg nøklar/vaskekort i konvolutt, merka med dato, namn og bustadnummer.

Husværet skal vere fråflytta og nedvaska innan kl 12:00 på siste leigedag i kontrakta di. Dersom nøklane vert levert for seint vert du belasta med ekstra husleige. Evt. forlenga butid skal vere avtala i god tid på førehand.

Du må vaske din del av fellesarealet og dine skuffer, skap og kjøleskap. Du må bli einig om ei fordeling med dei du bur saman med. Hugs å tøme bod.

Vi rådar alle til å avtale utsjekk. Ein utsjekk vil seie at vi sjekkar og godkjenner utvasken din i lag med deg. Slik unngår du gebyr for å ikkje ha vaska godt nok. Utsjekk må skje i tidsrommet: mandag-fredag 08:15 – 14:30. Vi kan ikkje kome på utsjekk kveld og helg.

Avtal utsjekk med oss i god tid på telefon: 70 07 52 40 eller e-post: [post@sivolda.no](mailto:post@sivolda.no)

## Vask

Denne informasjonen er meint å vere eit hjelpemiddel for å unngå vaskegebyr etter utflytting.

Vår driftsavdeling kan sjekke vask/ta utsjekk før du reiser, slik at du får ein sjanse til å ta evt. manglande vask sjølv og sleppe gebyr.

Du får gebyr dersom vi må vaske ein del av rom/bad/fellesareal etter at du har flytta ut. Prisen er kr.600,- pr.time.

Dersom du ynskjer råd om utvask, vaskemiddel eller anna, kan driftsavdelinga svare på spørsmål om dette. Ta kontakt med oss så hjelper vi deg gjerne!

Gode vaskemiddel til nedvask er;  
Ajax, Jif-kjøkken, Jif-skurekrem, Domestos til toalett og Zalo til fett.

## Hugsliste for vask

1. Kjøleskapet må tømmast og reingjerast både innvendig og utvendig. Lause hyller må takast ut og vaskast. Hugs å fjerne matrestar frå gummilister og skruar.
2. Frysar må avrimast og reingjerast.
3. Alle dører må vaskast grundig. Det må ikkje vere synlege fingeravtrykk eller fett. Bruk Zalo.
4. Komfyren må reingjerast både innvendig og utvendig. Bruk omnsrens, salmiakk eller anna fettløysande middel til kokeplatene, steikeomnen og platene i steikeomnen. Hugs glasdøra, brytarar og eventuell brettskuffe under steikeomnen. Bur du i leilegheit må det også vaskast bak komfyr.
5. Kjøkkenvifta må gjerast skikkeleg rein. Legg filteret i salmiakkvatn til feittet blir borte. Skyll deretter av med varmt vatn. Har du vaskemaskin kan du vaske filteret i oppvaskmaskina.
6. Kjøkkenskapa må tømmast og reingjerast innvendig og utvendig. Lause hyller må takast ut og vaskast.
7. Stålbenk, vegg over oppvaskbenk og kraner må reingjerast skikkeleg. Tørk over etterpå, så ikkje vatnet lagar nye flekker/skjoldar.
8. Møblane på felleskjøkkenet må vaskast og støvsugast. Vask treverket og støvsug putene og botn.
9. Hugs å rydde på verandaen og vaske kjøkkengolvet til slutt.
10. Møblane på hybel/leilegheit må vaskast. Madrass må støvsugast. Sengebøylar må reingjerast. Madrassbeskyttaren skal vaskast separat på 60 grader.
11. Alle veggar må vaskast og flekkar må fjernast på romet ditt. Hugs å tørke over alt listverk, også vegg- og taklister. Dørhandtak må reingjerast. Evt. flekkar på varmeomnane må fjernast. Hugs å løfte fram og reingjer bak varmeomnen.
12. Alle tak unntake betongtaka skal reingjerast.
13. Tak på bad må reingjerast, og golv og veggar må skrubbast. Bruk eit av dei mange reingjeringsmidla til vask av baderom. Hugs å tørke over flisane etter vask elles vil vatnet lage skjoldar. Reingjer servant, toalett og ventil både innvendig og utvendig. Tørk over alt slik at ikkje vassdråpar lager flekkar. Vask dusjforheng i vaskemaskin på 60 grader.
14. Vindauga må pussast innvendig og utvendig (der det er mogleg). Bruk ein nal til å fjerne vatnet med når du vaskar vindauge. Gardinene skal ikkje vaskast, men må hengast opp igjen, dersom du har teke dei ned.
15. Vask golvet i leilegheita og på hybel, inkl. felles gang til slutt.
16. Laminatgolva krev spesiell reingjering: Du må reingjere golva regelmessig med støvsugar eller tørrmopp og/eller ein godt oppvridd golvklut med syntetisk reingjeringsmiddel (t.d. AJAX, Oxy-gel e.l.). Bruk minimalt med vatn og ver nøyde med å tørke opp alt vatn til slutt.